



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
091/20	Formannskapet	11.06.2020
072/20	Kommunestyret	15.06.2020
011/20	Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	25.06.2020

## Kommunal planstrategi 2020-2024 - Kunngjering

### Bakgrunn for saka:

I tråd med plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunestyret ein gong i valperioden, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Føremålet med planstrategien er å få ei samla oversikt og vurdering av kommunen sitt planbehov i kommunestyreperioden, basert på utfordringar kommunen står overfor.

I tråd med pbl § 10-1 skal framlegg til kommunal planstrategi kunngjerast minst 30 dagar før kommunestyret kan gjere vedtak.

### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Plan og bygningslova (pbl)

### Ikkje vedlagt sakstilfang:

- Rettleiar for kommunal planstrategi frå Miljøverndepartementet
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Grunnlagsdokument til den regionale planstrategien for Vestland 2020-2024:
  - Vestland – Utfordringar for fylket og for regionane
  - Vestland – Folkehelseoversikt 2019-2023
  - Vestland – Statistikk og utviklingstrekk
- Grunnlagsdokumentet *Helsetilstand og påverkande faktorar* (Stryn kommune)
- Kommunal planstrategi 2016-2020 (ligg på kommunen si heimeside under planar)
- Innspel til planstrategien

### Vedlegg i saka:

Planstrategi 2020-2024

1461653

### Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde vedtak om oppstart av Stryn kommune sin planstrategi 19.03.20, KS 025/20.

Varsel om oppstart vart sendt til statlege og regionale organ og til nabokommunar 30.03.20. Innspela er i hovudsak innarbeidd i planstrategien. Dei er kort referert under med tilhøyrande kommentar. For meir informasjon sjå dok.nr. i saka.

#### Innspel frå Bergsida grunneigarlag – sak 19/1772 dok. 1

Bergsida grunneigarlag synleggjer planbehov knytt til Tverrfjellet.

#### *Kommentar:*

*Innspelet er teken inn under behovet for ein områderegulering for delar av hytteområdet nord for Stryn sentrum. Denne planen må vurderast og evt. prioriterast opp mot dei andre planbehova.*

#### Innspel frå Vestland fylkeskommune – sak 19/1772 dok. 7 og 16

Vestland fylkeskommune har kome med to innspel; eit som gjekk til alle kommunane i Vestland vedrørande dei kommunale planstrategiane, og ei tilbakemelding på vårt varsel om oppstart. Innspela er i hovudsak av generell karakter vedrørande utarbeiding av planstrategien og andre plandokument, som ikkje blir referert her.

Fylkeskommunen har følgjande konkrete innspel:

- Samfunnsdelen bør reviderast tidleg i kvar periode som følgje av endringar i politisk styre, eller at nye samfunnsutfordringar har kome på dagsorden.
- Kommunane bør legge vekt på å utarbeide ein god samfunnsdel med arealstrategiar for kommuneplanen sin arealdel. Ein handlingsdel knytt til økonomiplanen er viktig.
- Kommunen bør legge stor vekt på medverknadsprosessar i det vidare planarbeidet, då særleg arbeid med samfunnsdelen, og utvikle gode modellar for samhandling innan kultur, idrett og inkludering og med frivillig sektor.
- Dersom kommunen har delar av kommuneplanen sin arealdel som ikkje er revidert etter føremåla i ny plan- og bygningslov og kart- og planforskrifta, må dette prioriterast.
- Oppmodar Stryn kommune om å inkludere «plan for friluftslivets ferdelsårer» i planstrategien. Dette er ei naturleg oppfølging av kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder og turskiltprosjektet. Nasjonalt prosjekt leia av Miljødirektoratet.
- Viktig at det blir arbeid med utfordringane knytt til turisme, til dømes manglande parkering og telting/camping langs tryggleiksonene til fylkesvegane.

#### *Kommentar:*

*Dei generelle innspela er stort sett fulgt opp i utarbeiding av planstrategien. Under prioritering av planar er revisjon av både kommuneplanen sin samfunnsdel og dei resterande delande av arealdelen prioritert. Når det gjeld Plan for friluftslivets ferdelsårer rår kommunedirektøren til å ikkje prioritere dette arbeidet, dette med bakgrunn i kapasitet og at føremålet med planen er delvis imøtekome gjennom prosjektet Kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområder i kommunen (2017/2018). Utfordringane knytt til turisme er teke med i plan for Lodalen.*

#### Innspel frå Statens vegvesen – sak 19/1772 dok. 11

Statens vegvesen er oppteken av at den kommunale planstrategien skal legge til rette for arealbruk og transportløyisingar som gir god samfunnsøkonomisk ressursutnytting og gode løysingar for miljø, trafikktryggleik (0-visjonen) og effektivitet. Vegvesenet gjev fleire råd i høve til kva for strategiar og planar kommunen bør ha, og påpeiker at planstrategien bør vere knytt opp til overordna planar og retningslinjer.

Konkret oppmodar dei kommunen til å implementere oppdatering av trafikktryggleiksplanen i arbeidet med kommunal planstrategi.

#### *Kommentar:*

*Dei generelle innspela er stort sett fulgt opp i utarbeiding av planstrategien. Under Prioriterte*

*planoppgåver 2020-2024 står Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle under pågåande planarbeid, i og med at revisjon av planen er starta opp i 2020.*

Innspel frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) – sak 19/1772 dok. 13

NVE oppmodar Stryn kommune om å prioritere arbeid med kommuneplanen sin arealdel i planstrategien. Forventa klimaendringar gjer at areal som tidlegare var tilstrekkeleg sikre til å byggje på ikkje treng å vere det lengre. Kommunane må tilpasse arealbruken til desse endringane.

Det blir vist til den statlege planretningslina for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing der det står at det skal gjerast ei vurdering av om omsynet til eit endra klima omfattar eit behov for oppheving eller revisjon av gjeldande planar.

NVE syner elles til fleire rettleiarar og anna informasjon knytt til NVE sitt saksområde.

*Kommentar:*

*NVE sine innspel er i hovudsak fulgt opp i planstrategien. Det er tilrådd å prioritere arbeid med kommuneplanen sin arealdel og kommuneplanen sin samfunnsdel. Klimaendring og omstilling er ei av dei største utfordringane for kommunen, dette er teke inn i planstrategien og vil bli fulgt opp i samfunnsdelen.*

Innspel frå Fiskeridirektoratet – sak 19/1772 dok. 14

Fiskeridirektoratet syner til at Stryn kommune har ein gjeldande kystsoneplan frå 2009. Dei anbefaler kommunen om å prioritere arbeid med å revidere kystsoneplanen. Av fiskeriaktivitet er det i all hovudsak brislingfiske i fjorden som har særskilte arealmessige behov (område for låssetting).

Fiskeridirektoratet anbefaler kommunen om å utarbeide ein strategi for lokalisering og utbygging av småbåthavner. Dei ønsker at areal for småbåthavner planleggast der dei forårsakar minst mulig negativ påverknad for miljø og der dei ikkje kjem i konflikt med etablerte fiskeriinteresser.

*Kommentar:*

*Ved utarbeiding av kommunedelplanar dei siste åra har ein valt å innarbeide kystsoneplanen i dei ulike planane for grendene. Kommunedirektøren vil rå til å halde fram denne strategien slik at ein kan planleggje arealbruken for både sjø og land i same kommunedelplan.*

*Kommunedirektøren rår til å ikkje utarbeide ein strategi for småbåthavner då dette bør sjåast saman med andre arealbehov knytt til dei einskilde kommunedelplanane.*

Innspel frå Fylkesmannen i Vestland – sak 19/1772 dok. 17

Fylkesmannen i Vestland rår kommunen til å konkretisere dei viktigaste miljøutfordringane og ulike tema innanfor miljø og samfunn som skal ha særskild fokus i planlegginga framover. Det vil óg vere viktig å synleggjere dei langsiktige og overordna utviklings- og utbyggingsstrategiane til kommunen.

Fylkesmannen oppmodar kommunen om å endre praksisen med ein kommunedelplan for nesten kvar grend, og heller gjennomføre ein samla revisjon av arealdelen. I forkant av dette bør samfunnsdelen reviderast.

Fylkesmannen syner til lovheimel der det står at den heilskaplege ROS-analysen skal reviderast minimum kvart fjerde år, medan beredskapsplanen skal reviderast årleg. Tilsvarande skal óg andre krav til kommunane sitt samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid gjeve i ulike sektorlovgivning følgjast opp, til dømes innan brann og redning, helse og omsorg, HMS osb.

Fylkesmannen rår til å innarbeide i planstrategien at strandsoneanalyse skal utarbeidast/oppdaterast, og leggast til grunn for arealplanlegging i kommunen.

Fylkesmannen syner elles til ulike råd og krav i samband med utarbeiding av planstrategien.

*Kommentar:*

*Fylkesmannen sine innspel er i hovudsak fulgt opp i planstrategien. Klimaendring og omstilling er ei av dei største utfordringane for kommunen, dette er teke inn i planstrategien og vil bli fulgt opp i samfunnsdelen.*

*Kommunedirektøren rår til å gjere ferdig revisjonen av dei resterande områda til kommuneplanen sin arealdel før ein gjennomfører ein samla revisjon. Dette ut ifrå planbehov og praktiske årsakar. Det er planlagt revisjon av samfunnsdelen før ein tek ein samla revisjon av arealdelen seinare.*

*I planstrategien er det tilrådd revisjon av den heilskaplege ROS-analysen i 2020 og helse- og sosialberedskapsplanen i 2021. Med bakgrunn i kapasitet rår kommunedirektøren til å ikkje prioritere ein strandsoneanalyse i denne kommunestyreperioden.*

#### Innspel frå Stad kommune – sak 19/1772 dok. 18

Stad kommune signaliserer i si tilbakemelding om at dei ønskjer eit nært samarbeid mellom kommunane i Nordfjord i vidare arbeid med strategi, planarbeid og samfunnsutvikling. Det blir vist til Strategi- og handlingsplan for Nordfjordrådet frå 2018, og felles uttale/presentasjon frå Nordfjordrådet i 2019 til Vestland fylkeskommune sitt arbeid med fylkesplan for Vestland.

*Kommentar:*

*Innspelet er teke til vitande.*

#### Innspel frå Stryn Kyrkjelege Fellesråd – sak 19/1772 dok. 19

Stryn Kyrkjelege Fellesråd har vurdert kapasiteten på gravplassane i Stryn kommune og har kome fram til at det vil vere behov for utviding ved Nedstryn og Olden innan komande ti-års-periode. Det er difor eit planbehov ved Nedstryn kyrkje og ved Olden nye kyrkje. Ved store arrangement er det store utfordringar med parkering også ved desse kyrkjene, som må omsyntakast i planlegginga.

*Kommentar:*

*Kommunedirektøren har vore klar over behovet for utviding av gravplass ved Nedstryn kyrkje, og er difor prioritert i planstrategien. Behovet for utviding av gravplass knytt til Olden nye kyrkje har ikkje vore kjend. Innspelet kom same dag som den politiske saka skulle ferdigstillast, slik at kommunedirektøren ikkje har hatt moglegheit til å vurdere dette planbehovet opp mot dei andre planane. I følge kyrkjevevja er behovet for utviding i Olden minst like stort som ved Nedstryn.*

*Kommunestyret kan anten gjere vedtak om å innarbeidde dette før kunngjering, eller vente med prioriteringa i samband med vedtak av planstrategien i haust.*

#### Politiske innspel

Kommunedirektøren la fram eit notat til sektorutvala og formannskapet i april. Notatet omhandla utfordringane og planbehova til kommunen. I samband med den politiske handsaminga (FO-052/20, HS-020/20, SK-020/20 og TS-046/20) blei det gjeve følgjande innspel til planstrategien:

- Kommunedelplan for energi og miljø bør vere eigen plan.
- Detaljregulering på Hol bør vurderast på nytt i høve til område BFS5 og BFS6.
- Ønsker plan for turisme, då særleg knytt til Loen og Oldedalen.
- Masterplan for stisykling bør vere med i planstrategien.

Dei innspela som ikkje gjeld planstrategien er ikkje refererte.

*Kommentar:*

*Kommunen har fleire innspel og føringar frå regionale og nasjonale aktørar om at klima og miljø bør*

*ha større fokus. Kommunedirektøren meiner at dette gjerast best gjennom samfunnsdelen, og ikkje som ein eigen kommunedelplan.*

*Planbehovet knytt til Hol og turisme er teken med i planstrategien. Med bakgrunn i kapasitet rår kommunedirektøren til å ikkje prioritere ein plan for stisykling i denne kommunestyreperioden.*

#### **Vurdering:**

I tråd med pbl § 10-1 skal framlegg til kommunal planstrategi kunngjerast minst 30 dagar før kommunestyret kan gjere vedtak av planstrategien. Det er difor lagt opp til at planstrategien blir kunngjort den 04.08.20, handsaming av formannskapet 10.09.20 og at kommunestyret skal vedta planstrategien den 24.09.2020.

Samla planbehov utgjer eit omfattande arbeid. Ut ifrå dei utfordringane som ligg føre, og ei realistisk vurdering av tilgjengeleg kapasitet og ressursar, tilrår kommunedirektøren ei prioritering av planar slik det går fram av framlegget til Stryn kommune sin planstrategi for 2020-2024.

Kommunedirektøren gjer merksam på at kommunestyret kan gjere endringar på kva for planar som bør reviderast, men at ein ikkje bør auke omfanget på tal planar på grunn av plankapasiteten.

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til kommunal planstrategi for Stryn kommune 2020-2024 skal kunngjerast slik den ligg føre. Kunngjeringa skal gjerast minst 30 dagar før endeleg vedtak kan gjerast av kommunestyret i haust.

#### **Formannskapet 11.06.2020:**

##### **Handsaming:**

Kommuneplanleggar Lisbet Lervik Helset orienterte om saka.  
Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

##### **FO- 091/20 Vedtak:**

Framlegg til kommunal planstrategi for Stryn kommune 2020-2024 skal kunngjerast slik den ligg føre. Kunngjeringa skal gjerast minst 30 dagar før endeleg vedtak kan gjerast av kommunestyret i haust.

#### **Kommunestyret 15.06.2020:**

##### **Handsaming:**

Endringsframlegget 1, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet  
Kommunedelplan for massetak og massedeponi vert framskunda frå 2023 til 2020. Grunngeving:  
Behovet er prekært og vi har ikkje godkjende deponi pr i dag

Endringsframlegg 2, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet  
Kommunedelplan for energi og miljø. Må inn i samfunnsdel frå 2020. Grunngeving: Behov for tilrettelegging av turisme

Endringsframlegg 3, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet  
Kommuneplanen sin arealdel. Vert framskunda frå 2021 til 2020.

Endringsframlegg 4, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet  
Reguleringsendring for Vik/Arnfinnbakken. Oppstart 2020. Grunngeving: Stort behov for fleire

tomtar og gjerne maksimere 50% utbyggingsgrad

Endringsframlegg 5, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Detaljregulering for bustadområde Tonningskamben:

Endring til oppstart i 2021. Grunngeving: Planarbeid for oppstart for bakre del, kjøp av heile kamben for å sikre best muleg ivaretaking og riktig/ønska utbygging i kommunal regi. Ynskjer å utvide Tonningskamben nordover frå Langårdmyra.

Endringsframlegg 6, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Detaljregulering for nytt næringsområde på Langeset/Svarstad:

Framskynde frå 2023 til 2020.

Grunngeving: Svært viktig område for næringsutvikling. Stryn er i stor mangel på næringsareal. Dette vil vere eitt av fleire viktige område å ta tak i og utvikle.

Endringsframlegg 7, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Deltaljregulering for område på massedeponi.

Endra frå 2024 til 2020.

Grunngeving: Dette må stå i sammenheng med tematisk plan og uansett er dette eit av dei store hastetiltaka.

Endringsframlegg 8, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Detaljregulering for bustadområde i Bø.

Endring frå «ikkje tilrådd» til 2021.

Grunngeving: Openbert behov for rimelege og mindre tomter med høgare utnyttingsgrad, vertikaldelt sentrumsnære bustader og gjennomgangs bustader.

Endringsframlegg 9, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Reguleringsplan for å leggje til rette for cruisenæringa i Olden og Loen.

Endring frå «ikkje tilrådd til 2021.

Grunngeving: Stryn som kommune er avhengig av turisme og godt tilrettelagt infrastruktur. Ei vidare utbygging og satsing på cruise både i Olden og Loen (Tyvaneset), vil også på den positive siden være viktig med landstrøm (miljøprofil) og gang og sykkelveg som forbind Loen og Olden saman. Dette i samråd med Nordfjord Hamn og turistnæringa.

Endringsframlegg 10, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Detaljregulering Storesunde B165 og B166.

Endring: Tiltaket er ikkje nemnt - inn i planen 2023.

Grunngeving: Kommunen brukar no store ressurser på vatn, avløp og veg. Då må bustadområdet med byggjeklare tomter også fylge med.

Endringsframlegg 11, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Kommunedelplan for Vikane må følgjast opp med detaljregulering for bustadfelt. Leggast inn i 2022.

Erstatning - nytt framlegg 4, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Reguleringsendring for Vik/Arnfinnbakken. Oppstart 2021. Grunngeving: Stort behov for fleire tomter og gjerne maksimere 50% utbyggingsgrad

Erstatning - nytt framlegg 1, foreslått av Jarle Hessevik, ArbeiderpartietArbeiderpartiet

Kommunedelplan for massetak og massedeponi vert framskunda frå 2023 til 2021. Grunngeving: Behovet er prekært og vi har ikkje godkjende deponi pr i dag

Representanten Jan Træen(Ap) bad om gruppemøte.

Oppsummering etter gruppemøte:

Representanten Rune Myklebust (Sp):

Senterpartiet støtter å prioritere bustadområde i Bø og Vik i 2021. Tonningskamben blir flytta ut til sist i planperioden. Ønsker også å prioritere utviding av gravplass i ved Olden nye kyrkje.

Representanten Aud Løvliid(H).

Detaljregulering for bustadområde i Bø og Vik vert utført i 2021. Vil også prioritere Reguleringsplan for for å leggje til rette for cruisenæringa i Olden og Loen i 2021. Tonningskamben blir flytta ut til 2024.

Representanten Haldor Hove (Ap):

Detaljregulering for bustadområde i Bø og Vik vert utført i 2021. Vil også prioritere Reguleringsplan for for å leggje til rette for cruisenæringa i Olden og Loen i 2021. Støtter utviding av gravplass i ved Olden nye kyrkje.

Vil prioritere inn Detaljregulering Storesunde B165 og B166 i 2023.

Plan for massedeponi vert prioritert i 2021.

Det vart røysta over framlegga:

*Detaljregulering for bustadområdet Tonningskamben blir utsett frå 2023 2024.*

Samrøystes vedteke.

*Detaljregulering for område til massedeponi vert flytta fram til frå 2024 til 2021*

7 røysta for, 17 røysta mot. Framlegget fall.

*Detaljregulering for bustadområde i Bø vert utført i 2021*

24 røysta for, 1 røysta mot. Framlegget vart vedteke

*Reguleringsplan for for å leggje til rette for cruisenæringa i Olden og Loen vert utført i 2021.*

13 røysta for, 12 røysta mot. Framlegget vart vedteke

*Detaljregulering Storesunde B165 og B166 i 2023.*

10 røysta for 15 røysta mot. Framlegget fall.

*Kommunedelplan for Vikane må følgjast opp med detaljregulering for bustadfelt. Leggast inn i 2022.*

15 røysta for 10 røysta mot. Framlegget vart vedteke.

*Utviding av gravplass Olden nye kyrkje 2024.*

19 røysta for 6 røysta mot. Framlegget vart vedteke.

### **KS- 072/20 Vedtak:**

Framlegg til kommunal planstrategi for Stryn kommune 2020-2024 skal kunngjerast slik den ligg føre og med dei endringane som er vedteke i sak KS72/20 15.juni 2020. Kunngjeringa skal gjerast minst 30 dagar før endeleg vedtak kan gjerast av kommunestyret i haust

Endringar:

Detaljregulering for bustadområdet Tonningskamben blir utsett frå 2023 2024.

Detaljregulering for bustadområde i Bø vert utført i 2021

Reguleringsplan for for å leggje til rette for cruisenæringa i Olden og Loen vert utført i 2021.

Kommunedelplan for Vikane må følgjast opp med detaljregulering for bustadfelt. Vert utført i 2022.

Utviding av gravplass Olden nye kyrkje i 2024.

### **Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne 25.06.2020:**

#### **Handsaming:**

Plankonsulent Lisbeth Lervik Helset kom inn for å orientere rådet om kommunal planstrategi og det vidare arbeidet.

Det er vidare lagt opp til at planstrategien blir kunngjort den 4.8.2020, handsaming i formannskapet den 10.09.2020 og vedtak i kommunestyret den 24.09.2020.

Rådet diskuterte tema som er ønskeleg at det blir tatt omsyn til i vidare planarbeid. Nokon av tema må følgjast opp vidare direkte til planar når dei blir utarbeida, som til dømes bygg i sentrum og ein oppdatert plan på skilting i kommunen.

Innsendt innspel:

*Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne hadde møte den 25.06.2020 og har følgjande innspel til Kommunal planstrategi 2020-2024*

*Føljande tema er viktig for rådet at vidare arbeid tek omsyn til:*

- Alle folkehelseiltak viktige*
- Tettstadsutviklinga må vere slik at der er godt å bu og leve.*
- Å skape trygge samfunn for alle grupper.*
- Folkehelseutfordringane må takast på alvor i vise att i planarbeidet og i tiltaka.*
- Universell utforming er grunnleggjande å ta omsyn til planarbeidet.*
- Betre tilrettelegging for dei med nedsatt funksjonsevne.*

#### **REF- 011/20 Vedtak:**

Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne sender inn innspel til Kommunal planstrategi 2020-2024.